



# VINJE KOMMUNE

## MØTEBOK

| Utval   | Stad              | Dato       | Kl.   |
|---|-------------------|------------|-------|
| Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne | Formannskapssalen | 27.11.2018 | 09:00 |

### Desse representantane møtte

| Namn                    | Repr | Vara for |
|-------------------------|------|----------|
| Asbjørn Gardsjord       |      |          |
| Anne Lise Haugen        |      |          |
| Ragnfrid Bakken         |      |          |
| Britt Rønningen         |      |          |
| Tor Strømme             |      |          |
| Asbjørn Arnfinn Arnevik |      |          |

|                             |                     |
|-----------------------------|---------------------|
| <b>Saker til handsaming</b> | <b>18/9 - 18/14</b> |
|-----------------------------|---------------------|

### Merknader

Det lukkast ikkje å kalle inn vara for Ingfrid Solberg.

### Andre som møtte

| Namn                  | Stilling              |
|-----------------------|-----------------------|
| Signe Marie Kittelsaa | Kultursjef            |
| Ea Kristine Bakken    | Frivilligkoordinator  |
| Gry Åsne Aksvik       | Plan- og økonomisjef  |
| Camilla Kallevik      | Næringsrådgjevar      |
| Kari Dalen            | Helse- og omsorgssjef |

Asbjørn Gardsjord  
leiar

Reidun Lofthus  
administrasjonssekretær

## ***PS 18/9 Referat og meldingar***

RS 18/6 *Referat frå førre møte*

RS 18/7 *Informasjon om Kreftkoordinator og kreftteam i Vinje*

### **Handsaming i Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 27.11.2018:**

Framlagde referat og meldingar blei teke til etterretning.

Frivilligkoordinator Ea Kristine Bakken informerte om arbeidet med Frivilligsentralen.

Helse- og omsorgssjef Kari Dalen informerte om «aktivitetsven for demente».

## ***PS 18/10 Korleis fordele midlane i Den kulturelle spaserstokken***

### ***Rådmannens framlegg til vedtak:***

- 1. Vinje kommune set av kr. 50 000,- til DKSS i 2019**
- 2. Kultur i samarbeid med Frivilligsentralen, lagar halvårsprogram for DKSS**
- 3. Pengane held til 4-5 tiltak pr. institusjon**
- 4. Tilskott frå fylket får me i oktober 2019.**
- 5. Tilskott til andre tiltak etter søknad**

Rådmannen, 08.11.18

Jan Myrekrok, rådmann /s/

### **Handsaming i Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 27.11.2018:**

#### Framlegg frå Asbjørn Gardsjord:

Rådet tek saksframstillinga til etterretning. Rådet ynskjer også å få halvårsprogrammet til orientering.

Framlegget frå Gardsjord blei samrøystes vedteke.

**Rådet tek saksframstillinga til etterretning. Rådet ynskjer også å få halvårsprogrammet til orientering.**

## PS 18/11 Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022

### Rådmannens framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek forslag til Budsjett 2019 og Økonomiplan/handlingsprogram 2019-2022 slik det ligg føre i innstillinga frå rådmannen.
2. Det kommunale skatteøynet vert fastsett til dei maksimalesatsar som Stortinget vedtek.
3. Kommunestyret vedtar følgjande for egedomsskatteåret 2019 i Vinje kommune:
  - a) Det skal skrivast ut egedomsskatt på verk og bruk, jf. Egedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav c.
  - b) Den alminnelege egedomsskattesatsen er 7 promille, jf. Esktl. §§10 og 11 første ledd.
  - c) Takstvedteker for egedomsskatt i Vinje kommune vedtekne i kommunestyret 31.10.2008 skal gjelde, jf. Esktl. §10.
  - d) Egedomsskatten forfell til betaling i to terminar, jf. Esktl. § 25 første ledd. Første termin er 1. april og andre termin er 1. september.
4. Vinje kommune tek opp lån 55 mill kr, med avdragstid 30 år.
5. Vinje kommune tek opp startlån 3 mill kr til vidare utlån.
6. Andre kommunale prisar blir vedtekne slik det går fram av vedlegget «kommunale prisar og gebyr».
7. Vatn, avløp, renovasjon, slam og feiing skal ha 100 % kostnadsdekning
8. Kommunestyret vedtek framlegget til detaljert driftsmål for 2018, slik det går fram av vedlegget «driftsmål».

Rådmannen, 19.11.18

Jan Myrekrok, rådmann /s/

### Handsaming i Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 27.11.2018:

#### Framlegg frå rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne:

Rådet tek framlegget til årsbudsjett 2019 og økonomiplanen 2019 – 2022 til etterretning, med desse merknadene:

- Rådet er veldig positive til at det er lagt inn midlar til ein demenskoordinator og at det er lagt inn midlar til fellesrådet slik at kyrkjegardane i kommunen kan haldast fine.
- Rådet stør rådmannens framlegg om å auke festeavgifta
- Rådet ber administrasjonen vurdere å opprette, som førebyggjande tiltak, eit eldresenter i Åmot.

Framlegget frå rådet blei samrøystes vedteke.

**Rådet tek framlegget til årsbudsjett 2019 og økonomiplanen 2019 – 2022 til etterretning, med desse merknadene:**

- **Rådet er veldig positive til at det er lagt inn midlar til ein demenskoordinator og at det er lagt inn midlar til fellesrådet slik at kyrkjegardane i kommunen kan haldast fine.**
- **Rådet stør rådmannens framlegg om å auke festeavgifta**

- Rådet ber administrasjonen vurdere å opprette, som førebyggjande tiltak, eit eldresenter i Åmot.

## *PS 18/12 Drøfting av prinsipp for kommunal matproduksjon*

### *Rådmannens framlegg til vedtak:*

- 1. Vinje kommune held fram med dagens organisering av produksjon og frambod av mat.**

Rådmannen, 19.11.18

Jan Myrekrok, rådmann /s/

### **Handsaming i Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 27.11.2018:**

#### Framlegg frå Asbjørn Arnevik:

Rådet tek rådmannens framlegg til vedtak til etterretning, men vil presisere at rådets innspel i framlegget ikkje i fyrste rekke gjaldt ernæring, men sosial trivsel ved å utvide tilbodet for lokal middag til to dagar i veka.

Framlegget frå Arnevik blei samrøystes vedteke.

**Rådet tek rådmannens framlegg til vedtak til etterretning, men vil presisere at rådets innspel i framlegget ikkje i fyrste rekke gjaldt ernæring, men sosial trivsel ved å utvide tilbodet for lokal middag til to dagar i veka.**

## *PS 18/13 Høyringsuttale - etablering av Nasjonalt eldre, pasient og brukarombod*

### *Rådmannens framlegg til vedtak:*

- 1. Etablering av Nasjonalt eldre-, pasient og brukarombod blir støtta. Føresetnaden er at dei eldre sin situasjon får eit tydeleg talerør på nasjonalt nivå og at rolla ivaretek koordinering av pasient- og brukaromboda i landet slik at desse framstår likeverdige.**
- 2. Innlemming av tannhelsetenesta i ordninga blir støtta.**

Rådmannen, 15.11.18

Jan Myrekrok, rådmann /s/

**Handsaming i Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 27.11.2018:**

Framlegg frå Asbjørn Arnevik:

Endring i pkt. 1:

Etablering av Nasjonalt eldre-, pasient og brukarombod blir ikkje støtta.

Ein ynskjer eit nasjonalt eldreombod.

Endringsframlegget frå Arnevik på punkt 1 blei samrøystes vedteke.

Rådmannens framlegg til punkt 2 blei samrøystes vedteke

- |  |
|--|
| <ol style="list-style-type: none"><li>1. Etablering av Nasjonalt eldre-, pasient og brukarombod blir ikkje støtta. Ein ynskjer eit nasjonalt eldreombod.</li><li>2. Innlemming av tannhelsetenesta i ordninga blir støtta.</li></ol> |
|--|

***PS 18/14 Status Universell utforma turveg Åmothaugen - Ormetjønn***

***Rådmannens framlegg til vedtak:***

|   |
|---|
| <p>Teknisk Drift og Vedlikehald og næringskontoret vil i 2019 jobbe med å få på plass ei idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning og søkje om spelemidlar til den skissera turvegen i 2020. Rådmannen rår til at det blir satt av midlar til turvegen i 2020 budsjettet.</p> |
|---|

Rådmannen, 08.11.18

Jan Myrekrok, rådmann /s/

**Handsaming i Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 27.11.2018:**

Framlegg frå rådet:

Saka blir utsett til neste møte.

Framlegget frå rådet blei samrøystes vedteke.

|  |
|--|
| <p><b>Saka blir utsett til neste møte.</b></p> |
|--|